



Pilegrimsvegen til Røldal

INFORMASJON TIL DELTAKARANE PÅ PILEGRIMSVANDRINGA TIL RØLDAL 2017

Er det spørsmål de eventuelt sit inne med, sender eg dette informasjonsbrevet. Skulle det vere ting de lurar på, og som ikkje er nemnt her, er det bare å ta kontakt ved e-post : margjor@online.no eller ringje **97 67 20 91**.

KULTUR OG KYRKJE:

Det er historielaga i Vest-Telemark og einskildpersonar i Røldal som er årsaka til at vi i dag har høve til å gå pilegrimsvandringa. Det var dei som tok på seg arbeidet med å lokalisere vegen, rydde og merke han. Saman med tidlegare pilegrimsprest i Nidaros, Rolf Synnes, organiserte dei den fyrste vandringa. Dei er framleis eigarar av prosjektet.

Pilegrimsvegen representerer gamal kulturhistorie, det same gjer bygdene og landskapet han går gjennom. Mellomalderen sine pilegrimsvandringar til Røldal er ein del av den historia vegen ber på.

Historielaga er framleis engasjerte i avviklinga av den årlege vandringa.

Dei stiller med kjentmenn som er førarar på alle dagsetappane. Dei kjenner både vegen og den kulturhistoria som er knytt til han. Undervegs vil dei stoppe og fortelje om det som er av interesse.

Med på vandringa vert ein kyrkjeleg person som prosten i Vest –Telemark finn fram til. Han/ho er vandringsleiar på heile turen , og vil halde små, daglege tekstmeditasjon, anten ute i friluft, eller i dei kyrkjene vi vitjar på vegen.

Ut over dette er turen slik at kvar einskild legg i han det ein ynskjer.

FRAMMØTE:

Den 29.juni startar gruppa som skal gå frå Seljord. Frammøte ved Seljord kyrkje.

Det er mogeleg å slutte seg til gruppa undervegs , eller berre gå deler av turen .

Den 5. juli startar vandringa for dei som skal gå frå Vågsli. Frammøte på Haukelifjell Skisenter i Vågslid.

For dei som startar i Seljord den 29.juni: Vandringa startar med pilegrimsgudsteneste i Seljord kyrkje klokka 11.00. Etter messa og kyrkjekaffi samlast vi på kyrkjebakken. Her blir det historisk orientering om kyrkja og området rundt. Ta med nistepakke, det blir lenge til neste matpause. Bilen som skal frakte bagasjen står klar. Om lag klokka 12.00 legg vi i veg vestover.

For dei som vil setje att bilen i Seljord: Finn Granvin Kulturhus som ligg like ved Seljord sentrum. Det er skilta frå hovudvegen. Vi har fått lovnad på parkering på baksida av bygget.

For dei som kjem med buss: Både Haukeliekspressen og Telemarksekspressen stoppar i Seljord. For informasjon om rutetider: www.telemarkbil.no Telemark bilruter: 35065400. www.nor-way.no Tlf. 815 44 444

For dei som treng å overnatte i Seljord: Turistinformasjonen, "Møteplass Seljord", har tlf. 35065988. Her vil de få informasjon om overnattingsstader. Sjå og www.visitseljord.no

NB! Den fyrste dagen har vi matpause både ved Seljord og Brunkeberg kyrkje. Ta med 1 - 2 matpakkar. Det blir middag i Morgedal om kvelden.

Dei som startar i Vågslid den 5.juli: Vi startar vandra kl 9.15 om morgonen . For dei som bur langt unna, vil det vere mest praktisk å kome til Vågslid kvelden før. Vi bur på Haukelifjell Skisenter i Vågslid , ca. 11 km aust for Haukelisetet.

BAGASJE:

Bagasjen blir transportert frå overnattingsstad til overnattingsstad. Deltakarane ber berre med seg ein liten dagstursekk med nistepakke og det ein treng for dagen. Det er lurt å ta med ein liten termos.

DAGSETAPPANE:

Terrenget er forskjellig frå dag til dag. Vi byrjar i låglandet, går over heiar og høg fjell til vi til sist går ned dalane til Røldal.

Vi arbeider med å legge vegen utanom asfalt der dette er mogeleg, men det er ikkje alle stader at det let seg gjere. Elles går turen langs grusveggar, stigar og i utmark.

Dei tyngste dagsetappane er nok dei frå Morgedal til Øyfjell (kupert terreng), frå Edland til Vågslid d.v.s. over Haukeliehei (bratt stigning opp frå dalen) og frå Vågslid til Ulevå, d.v.s. over Haukelifjell (fint høg fjellsterreng, men lang dag). På denne etappa kjem pilegrimsvegen opp i 1190 m.o.h.

Det blir ordna med transport opp den bratte lia i Morgedal. Dei som ynskjer å gå opp lia kan sjølv sagt gjere det. Vi snakkar meir om dette når vi møtest.

I Seljord, Åmot, Haukeli (Spar) og i Røldal er det minibankar.

I Vågslid/Haukelifjellområdet (frå den 5.juli til 7.juli) må vi transporterast med buss fram og tilbake til overnattingsstaden , Haukelifjell Skisenter, kvar dag. Dette fordi det ikkje er andre passande overnattingsstader i dei områda vi går gjennom.

Vandringa frå Seljord til Røldal går over 9 dagar. Alle treng eit fysisk fundament for å gjennomføra turen.

Etappane er slik:

29/6: Seljord – Morgedal. 22 km.

30/6: Morgedal – Øyfjell. 21 km.

1/7: Øyfjell – Åmot. 18 km.

2/7: Åmot – Mjonøy. 15 km.

3/7: Mjonøy – Haukeligrend. 23 km.

4/7: Haukeligrend – Vågslid. 19 km.

5/7: Vågslid – Ulevå. 17 km.

6/7: Ulevå – Svandalsflona. 15 km.

7/7: Svandalsflona – Røldal. 12 km.

8/7: Pilegrimsseminar i Røldal

9/7: Pilegrimsseminar- Heimreise

OVERNATTING:

Vi overnattar for det meste i campinghytter med god kvalitet . Vi fyller opp hyttene slik at prisen pr. person blir låg. Alt er tinga på førehand. I Haukeliområdet er det problem med overnatting for så stor gruppe. Løysinga er busstransport tilbake til skisenteret i Vågslid for overnatting også dei to siste nettene. I Røldal vert det overnatting i moderne campinghytter.

Til alle: Hugs å ta med sovepose.

MAT:

Dei fleste dagane steller vi brødmaten sjølve. Vi har med oss matpakke på turen kvar dag og har middag om kvelden.

All mat er inkludert i førehandinnbetalinga. Den prisen vi har rekna til innkjøp av brødmatt er basert på erfaringar frå tidlegare år. Eit eventuelt overskot på denne kontoen vil bli bruka til vedlikehald av vegen.

Nokre stader kjøper vi all mat: Dag 4 overnattar vi på Mjonøy. Dette er ein stad som spesialiserar seg på tradisjonsmat. Vi får middag om kvelden, frukost neste dag og nistepakke med kaffe.

I Haukeligrend får vi middag på Haukeli Hotell & Restaurant. Frukost og matpakke same staden neste morgon.

Resten av turen får vi middagen ferdiglaga og tilkøyrd.

Kjøkkenarbeidet er samarbeidsprosjekt!

Framme i Røldal kjem vi til kyrkja under klokkeklemt. Det blir middag på Skysstasjonen etter at vi har kome fram . Om kvelden er det konsert i kyrkja. Etter konserten blir det sosialt samvær med kaffi og lappar. Røldal sokneråd spanderar dette på vandrarane.

Under det sosiale samværet på Grendahuset , er det år om anna utdeling av den nystifta Pilegrimsprisen. Denne går til personar som har gjort ein spesiell innsats for pilegrimsvegen og vandringa.

Frå og med 2012 er pilegrimsstemnet med i vandringspakken . Slik at vandringa er ikkje over før søndag 9.juli .
Stemnet i Røldal omfattar konsert om fredagskvelden , foredrag , bygdevandring og kveldsvandring med midnattsmesse om laurdagen .

Overnattingar , transport og all mat på turen, både brødmatt og middagar, er med i førehandsinnbetalinga.

Det er ikkje tillate med hund.

PRAKTISKE RÅD:

Hugs sovepose.

Liten dagstursekk.

Gode fjellstøvlar eller andre vasstette sko.

Det kan og vere lurt å ha med eit par joggesko.

Gode turklede. Sjølv om vi ynskjer oss sol og fint ver, så kan det bli både vått og hustrig.

Liten termos.

Vassflaske.

Hatt mot sola.

VIKTIG: Ta med utstyr til fotpleie!

Føtene blir såre og slitne, så det er viktig å stelle godt med dei.

Dette bør du ha med av utstyr:

Sportstape

Plaster

Sårutstyr

Avlastingsmateriell som kan klippast til rundt blemmer

Compeed (for dei som har god erfaring med det)

Nylonstrømpe (sokk) under, ullsokkar over.

Vassblemmer er som regel det største problemet. Taping er derfor viktig.
Pluss gode sålar i skoa.

Hugs å ta med myntar. Einskilde stader er det myntapparat til dusjane.

FORSKJELLIG:

Sundag den 2.juli stoppar pilegrimane i Vinje kyrkje. Der vil det bli historisk orientering og pilegrimsmesse.

Vi blir ei samansett gruppe. Nokre er i god form, andre ikkje fullt så god. Det er viktig at vi prøver å halde saman under vandring slik at vi ikkje mistar kvarandre av syne og rotar oss bort.

Fint om mobiltelefonar er slått av medan vi går.

I 2007 gav vi ut boka " Fann eg dei stigar" ei kulturhistorisk vegbok for strekninga. Alle som melder seg på og betalar, får ei bok ved oppstart av vandringa.

Pilegrimspass vil bli stempla for kvar dagsetappe.

Vi blir mange, og ein del ting må takast på sparket etter kvart, men med eit ope sinn og sporty innstilling skal vi gjere dette til ein fin tur . Vi gjer merksam på at betalinga kan bare refunderast dersom vandringa skulle bli avlyst eller ved sjukdom.

Overnattingar og all mat på turen, både brødmatt og middagar, er med i totalprisen.

Prisar på vandringspakkene:

Seljord / Kviteseid – Røldal	kr 8.300.-
Vågslid - Røldal	kr 5.300.-

Pilegrimsvegen til Røldal har konto nr. 3530.24.50895

Ein bed om innbetaling innan 1.juni .

Hjarteleg velkomne, alle saman!

Helsing

Margit Gjørsv

vandringsorganisator

mail : margjor@online.no

Mitt mobilnr.:97 67 20 91. Heimennummer : 53 64 71 16

PROGRAM FOR PILEGRIMSVANDRINGA 2017

Torsdag 29. juni

Etappe: Seljord - Morgedal

Lengde: 22 km. Lett etappe, men mykje asphalt.

Kl. 11.00 Frammøte og pilegrimsgudsteneste i Seljord kyrkje
Orientering og mat

ca kl. 12.00 Vandringa startar

ca kl. 17.00 Brunkeberg kyrkje. Matpause

ca.20.00 Morgedal /middag

Fredag 30. juni

Etappe: Morgedal - Øyfjell

Lengde: 21 km, 6 av desse i bil. Relativt hard etappe. Fjell- og skogsterreng.

kl. 07.00 Frukost

kl. 08.15 Avreise frå Morgedal
Rast på Fitjan

ca.kl. 19.00 Ankomst Trovassli

ca.kl. 20.00 Middag

Laurdag 1. juli

Etappe: Trovassli - Åmot

Lengde: 18 km. Lett etappe, men ein del asphalt.

kl. 08.00 Frukost

kl. 09.15 Avmarsj
Øyfjell kyrkje - omvising
Rastepause

ca.kl. 16.00 Ankomst Hyllandfoss

kl. 19.00 Middag

Sundag 2. juli

Etappe: Åmot - Mjonøy

Lengde: 18 km. Middels hard etappe. Skiftande terreng.

kl. 08.00 Frukost

kl. 09.15 Avmarsj
Rastepause
Vinje kyrkje - omvising og gudstjeneste

ca kl. 19.00 Ankomst Mjonøy

kl. 20.00 Pilegrimsmiddag

Måndag 3. juli

Etappe: Mjonøy - Haukeli

Lengde: 23 km. Lett terreng. Ein del asfalt.

kl. 08.00 Frukost

kl. 09.15 Avmarsj frå Mjonøy

ca. 14.30 Rastepause Grunge kyrkje. Omvising.

kl. 19.00 Middag

Tysdag 4. juli

Etappe: Haukeli – Vågslid

Lengde: 19 km. Relativt hard etappe. Skogs- og fjellterreng

kl. 08.00 Frukost

kl. 09.15 Avmarsj

Rastepauser

ca kl. 19.00 Middag

Onsdag 5. juli

Etappe: Vågslid - Ulevå

Lengde: ca 17 km. Middels hard etappe i fjellterreng

kl. 08.00 Frukost

kl. 09.15 Avmarsj

Rastepauser

ca kl. 19.00 Middag

Torsdag 6. juli

Etappe: Ulevå - Svandalsflona

Lengde: 15 km. Relativt lett etappe i fjellterreng.

kl. 08.00 Frukost

kl. 09.15 Avmarsj

Rastepauser

ca.kl. 19.00 Middag

Fredag 7. juli

Etappe: Svandalsflona - Røldal

Lengde: 12 km. Enkel etappe i skiftande terreng.

kl. 08.00 Frukost

kl. 09.30 Avmarsj

ca.kl. 14.30 Rastepause ved Bruhølen
Framme i Røldal

Når vi kjem fram til Røldal blir det samling i kyrkja ved den daglege leiaren. Deretter middag på Skysstasjonen.

Pilegrimsstemnet i Røldal 2017



Fredag 7.juli

- kl 09.30: Dagsetappen frå Svandalsflona startar
- kl 14.30: Pilegrimar frå Seljord kjem til kyrkja
 - liturgisk samling
- kl 17.15: Pilegrimar frå Hovden kjem til kyrkja
 - liturgisk samling
- kl 18.00: Pilegrimar frå Stavanger kjem til kyrkja
 - liturgisk samling
- kl 19.30: Pilegrimskonsert i kyrkja
- kl 21.00: Ope pilegrimssamling i Røldal grendahuset

Laurdag 8.juli

- kl 08.00: Laudes (liturgisk morgonsamling i kyrkja)
- kl 08.45-10.00: Felles frukost på Grendahuset
- kl 10.00: Pilegrimsseminar
- kl 13.00: Middag på Grendahuset.
- kl 15.00-16.00: Bønetime i kyrkja. Høve til forbøn.
- kl 16.00-17.00: Bli kjent med midnattsmessa – liturgi og melodiar.
- kl 17.00: Pilegrimar frå Hovden kjem til kyrkja.
- kl 18.00-18.45: Kveldsmat på Grendahuset.
- kl 18.30-19.40: Transport frå kyrkja til Bruhølen camping.

kl 20.00: Krossvandring frå Bruhølen camping til kyrkja
kl 23.00: Pilegrimsmesse m/nattverd.

Sundag 9.juli

kl 08.00: Laudes (liturgisk morgonsamling i kyrkja)

kl 08.45-10.00: Felles frukost på Grendahuset

Avreise